

www.voss.kyrkja.no

Nr 4 | 2021 | 80. årg

KYRKJENYTT

for Vossabygdene

GOD SOMMAR!

4 GJEVARTENESTE
FOR
VOSS SOKN

5 TEIKNE-
KONKURRANSE
FOR BORN

7 BORNA
SINE EIGNE
SIDER



DE HISTORISKE



Asta, Fredrik, Signe og Marie Fleischer

DÅP, KONFIRMASJON, BRYLLUP, MERKEDAGER OG SMÅ OG STORE SELSKAP

T: 56 52 05 00

DET ER NOE MED FLEISCHER'S

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig velkjent atmosfære av fornemme, kontinentale vaner, av dannet gjestfrihet.

MED TRADISJON FOR STORSLAGNE BEGIVENHETER



FLEISCHER'S HOTEL
ANNO 1864





56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

Om Kyrkjennytt:

Kyrkjennytt vert utgjeve av Voss Kyrkjelege Fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit Anne Marie Haugen, Heidi Hisdal, Gunn Horvei, Randi Kløve (red), Einar Melve og Margunn Mørkve.

Grafisk produksjon: Randi Kløve
Trykkeri: Molvik Grafisk AS
Opplag: 7300 eksemplar

Kyrkjennytt for Vossabygdene vert gjeve ut som fulltdistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss Herad.

Kyrkjekontoret på Voss:

Grunna korona-pandemien held Kyrkjekontoret framleis stengt for besøkande, men me ynskjer å opne opp att etter sommaren. Inntil då er me framleis tilgjengelege både på telefon og e-post. Telefonen er open alle kvardagar mellom 09:00 og 15:00.

Har du behov for å snakke med nokon, ta kontakt!

Besøksadresse: Uttrågata 5

Postadresse: Voss kyrkjelege fellesråd, PB 49, 5701 Voss.

Telefontid måndag-fredag 9-15.

Telefon 56 52 38 80.

www.voss.kyrkja.no

E-post: post.voss@kyrkja.no

Kontonr: 3480.16.45293

Gravplassadministrasjonen i Voss herad har kontor i Uttrågata 5 (Kyrkjekontoret), tlf 56 52 38 80. Leiar er kyrkjeverje Svein Tøsse, mobil 959 79 905.

Voss kyrkjelege fellesråd:

Kyrkjeverje Svein Tøsse

tlf 959 79 905. E-post: st545@kyrkja.no

Kontorleiar Vibeke Lemme

tlf 922 45 274. E-post: vl454@kyrkja.no

Kateket Rønnaug Eng Skjeldal

tlf 952 62 025. E-post: rs625@kyrkja.no

Trusopplæringsmedarbeiar Åshild Bøe

Kharazmi, tlf 952 98 681. E-post: ak649@

kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Camilla M Velsvik

tlf 995 18 194. E-post: cs222@kyrkja.no

Diakon Sigrid Djukastein Mala

tlf 478 49 134. E-post: sm435@kyrkja.no

Ungdomsprest Vetle Leksbø

tlf 947 93 477. E-post: vl555@kyrkja.no

Kantor Astrid Gjestvang

tlf 958 56 414. E-post: ag678@kyrkja.no

Organist Frode Vik

tlf 952 62 084. E-post: fv586@kyrkja.no

Organist Ellen Marie Selland Geithung

tlf 980 64 594. E-post: eg395@kyrkja.no

Kyrkjetenar på Bolstad Anny Forthun

tlf 481 36 520

Kyrkjetenar på Evanger June Mykkeltvedt

Kyrkjetenar på Voss Thomas Velsvik

tlf 414 75 383

Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje Kjell Kr.

Øyre, tlf 915 41 975

Gravar Vidar Bryn

tlf 996 00 940

Oppsynsmann for kyrkjegardane Hege

Ukvitne, tlf 918 74 201

Redaktør i Kyrkjennytt Randi Kløve

tlf 952 06 177. E-post: rk858@kyrkja.no

Kontormedarbeidarar Idunn Holen, Lene

Brunborg og Randi Kløve

Prestetenesta:

Prost i Hardanger og Voss Arild Hellesøy

tlf 906 99 533. E-post: ah539@kyrkja.no

Sokneprest i Voss Anders Hove

tlf 414 68 493. E-post: ah657@kyrkja.no

Sokneprest i Ulvik og Granvin Magnar

Haaland

tlf 415 46 366. E-post: mh977@kyrkja.no

Sokneprest i Vinje, Oppheim og

Raundalen Cato Torsvik

tlf 974 23 459. E-post: rt682@kyrkja.no

Sokneprest i Evanger og Bolstad Frode

Kvamsøe

tlf 901 96 514. E-post: fk796@kyrkja.no

Prostiprest Arnulf Sandvik

tlf 416 75 653. E-post: as794@kyrkja.no

Prestevikar Bengt Arvidsson

tlf 902 58 161

Soknerådsleiarar:

Evanger: Nora Mykkeltvedt, tlf 952 79 970

Voss: Bjørg Helland, tlf 938 56 326

Oppheim: Monica Gudrun Hansen,

tlf 957 58 204

Vinje: Ståle Hirth, tlf 950 81 902

Raundalen: Johnny Lemme, tlf 401 82 912

Granvin: Sigvor Melve Schrey, tlf 911 32 608

Bilete:

Framsida og baksida: Sally, Unsplash.com.

S. 3 - Edmundas Strundzius, Unsplash.com

Neste nummer kjem i veke 38. Frist for melding om stoff er torsdag 2. september.

I tempel og kvardag

Av Ivar Molde - tekstmeditasjon over Lukas 5.1-11

I ein av kyrkjetekstane sommarstid møter me Jesus i strandkanten. Og folk, dei trengde seg om han for å høyra Guds ord. Så bra! Så steig Jesus ut i ein av båtane, Simon Peter sin, bad han leggja litt ut frå land. Og han sette seg, så talte han til dei, tok i bruk båten som preikestol. Sikkert ikkje noka dårleg løysing! At lyden ber godt på ei vassflate, er noko mange kjenner til. Her i bygdene våre går me heller med salmen og gudsordet til støls og til fjells. Sjølv har eg såleis fått halda kyrkjesamling jamvel på Horndalsnuten (1997).

I år vert det markert 250-årsminne for Hans Nielsen Hauge (1771-1824). Han var ein som i arbeid ute på åkeren fekk oppleve eit kall frå Gud, som så i nokre år gjekk og gjekk og gjekk....alt medan han ofte strikka! Og han samtalte med folk, talte gudsordet, sette tru og mod i dei. Ja, sette dei i arbeid, både i det åndelege og det praktiske. Må ha hatt ei særleg evne til å få folk med seg. Nokon vil seia om Hauge og dei som fylgde i spora, at dei beint fram endra Noreg.

Hadde bruk for båten som arbeidsreiskap. Jesus. Og med Peter ved årane, fekk vera ein Jesu medarbeidar med noko han kunne frå før. Kva er det du kan, då? Torer du svara på eit slikt spørsmål? Sjølv kjenner eg på at... det likar eg ikkje heilt. Det er nett som å skulle gje karakter til seg sjølv. Kanskje det er andre som meir kan setje ord på det...kva du og eg er gode på? Og me til dei. Så lat oss gjere det, då – gje kvarandre dei gode, dei oppmuntrande orda. Eg tenkjer: di meir konkret, di betre.

Livet, evnene våre, alt fekk me av Gud i gåve. Noko i fødselsgåve, det låg der, alt frå starten av. Eitt og anna kan ha kome til, meir med tida. Vart vist tillit, fekk oppgåver. I mange høve har kristen tru og

omvending fått vere med å løysa ut evner, krefter, kreativitet ein ikkje før visste at ein hadde. Då er me borti det bibelske omgrepet, det som heiter nådegåve.

No, til Peter sin reaksjon, etter den store fiskefangsten! Impulsiv, som me får inntrykk av at han ofte var... Så kunne me vel ha venta at han der på stranda hadde hoppa rundt i yr glede. I staden: eit alvor, ei erkjenning av eiga avmakt. Ja, når han seier: «Gå frå meg, Herre! Eg er ein syndig mann». Ei djup undring i møte med ein som hadde slik ei makt. Og med ei kjensle av at her er då eg eit par nummer for liten, minst. Ikkje god nok, uverdigg. Rett og slett.

Det er ei liknande forteljing i Det Gamle Testamentet, om Jesaja, korleis han vart kalla av Gud. I eit guddomeleg møte, der han opplevde at det som hende, det vart han for stort. Så var det likevel ikkje slik, så vart han reist opp att, sett i arbeid. Sameleis Peter – til ei ny oppgåve: å vera menneskefiskar! Jesaja møtte sitt kall i templet, Peter i ein kvardagssituasjon. Det kan vera så ulikt, no og. Tempel og fiskebåt, kvardag og helg. Det er då visst råd å møta Gud sju dagar i veka, uavhengig av tid og stad.

Så rodde dei båtane i land, gjekk frå alt og fylgde han. Det var jamen radikalt: å gå frå alt. Det var nokon som fekk eit slikt kall. Nokon, men ikkje alle. Dei fleste skulle fylgja Jesus ved å leva trua sitt liv i sitt kjende miljø. Såleis den gongen, slik no og.

I ei songstrofe står det slik: La oss elske hverandre og se hva det er Du har ment med at vi bor der vi bor. Det er eit vers eg likar. Seier så berre: God sommar! I tru, i takksemd, teneste – her du bur.

Gjevarteneste for Voss sokn

Tekst: Anders Hove

Voss sokn ønskjer å starte opp att arbeidet med gjevarteneste. Dei gåvene me får av dette vil gå til å styrke og vidareutvikle det gode arbeidet som allereie blir gjort i vårt sokn.

Me har lagt det opp slik at ein kan velje av fire forskjellige føremål å gje til, alt etter kva ein vil støtte. Ein kan gje til vårt arbeid for born og unge på Voss, arbeid innan kyrkjemusikk og kultur for alle aldersgrupper, eller ein kan støtte vårt diakonale arbeid, som er alt frå seniorettreff, sorggrupper og samtalegrupper for både vaksne og unge. Ein kan også støtte soknerådet meir generelt i arbeidet, då går pengane til alt arbeid innan soknet.

Her er kontonummer:

Gjevarteneste born og unge:	3480 13 23547	(Vipps: 695862)
Gjevarteneste kyrkjemusikk og kultur:	3480 13 23555	(Vipps: 562609)
Gjevarteneste diakoni:	3480 13 23563	(Vipps: 695863)
Gjevarteneste generelt arbeid:	3480 30 84647	(Vipps: 127376)

Kor mykje ein ønskjer å støtte arbeidet med er heilt opp til deg. Alle gåver vil bli til velsigning for vårt arbeid. Ein kan støtte oss, anten med ein fast sum pr. år, eller ein fast sum kvar måned.

Alle gåver til frivillige lag og organisasjonar kan gje grunnlag for skattefrådrag. Dersom ein ønskjer at me skal melde inn di gåve, så du kan få skattefrådrag må me få personnummer, så me kan melde frå til sentrale register. Ta i så fall kontakt med kyrkjekontoret.



Foto: Kelly Sikkema, Unsplash.com

Gåve frå Voss Sparebank

Tidleg i juni hadde Sokneråda på Vinje og Oppheim besøk av Martin Hindenes frå Voss Sparebank. Han overrakte 30.000,- i gåve til jubileumsboka. Sokneråda hadde handla inn kake og kokt kaffi. Det vart ei fin stund og stor jubel for gåva.

Voss Sparebank har også gjeve 15.000,- til ny oppvaskmaskin til kyrkjestova. Tusen takk!



Har du lyst til å teikne ei forside til Kyrkjennytt?

Teiknekonkurranse for born 0 -12 år

Me ynskjer oss ei fargerik forside til Kyrkjennytt i haust, og me vil gjerne at du som er mellom 0 og 12 år skal teikne den til oss. Me kan berre velje **ei** forside, men me vil prøve å få vist fram så mange av teikningane me kan inne i bladet også. (Vert det sendt inn riktig mange teikningar må me kanskje nytte nettsida vår til å vise fram kunstverka i staden.)

Du kan teikne kva du vil, men det må vere noko som kan passe frampå bladet! Kan hende noko du skal gjere i sommar, eit dyr du likar, ein bil eller noko frå ei bibelhistorie?

Det vert premie til den som får teikninga si på framsida av Kyrkjennytt!

Frist for innsending er 1. september.

Teikninga bør være A4, og bak på arket ynskjer me oss namnet på kunstnaren, alder og adresse. Ein kan gjerne skrive førenamnet sitt på framsida av arket. (Det er lov å sende inn meir enn ei teikning.) Innsendte bidrag kan verte vist fram i Kyrkjennytt, på nettsida vår, i sosiale medier og kan hende hengt opp på Kyrjekontoret.

Teikninga kan sendast i posten til Kyrkjennytt, Voss kyrkjelege fellestråd, postboks 49, 5701 Voss. Eventuelt kan det sendast på e-post til rk858@kyrkja.no (då må det være høg oppløysing på biletet!).

Bilete: Noslifactory, Unsplash.com




Bolstadøyri bedehusbasar

Tekst: Gunn Horvei. Foto: Anny Forthun.

Kvinneforeningen på Bolstad har som tradisjon å lage til bedehusbasar kvart år i juni måned. Dette for å hjelpe til med inntekter til bedehuset. Det er ein driftig gjeng på ca 10 damer som syr og strikkar premiar til basaren. Nokre gevinstar er kjøpt, men det meste er heimelaga av dei. Som om ikkje det var nok så spanderar dei kaffi og heimelaga kaker på kjøpet! Vanlegvis er det trekning etter gudstenesta når ein har kyrkjekaffi, men dei siste to åra har det måtta utgått pga covid-19. I år vart vinnarane trekt 12 juni og kunngjort på gudstenesta 13 juni.

Bolstingane set pris på dei fine gevinstane og kjøper lodd flittig. Kven vil vel ikkje vinna ein heimestrikka gensar, huer, sokkar og ikkje minst dokka med egne heimestrikka dokkeklede i ein søt raud koffert.





Nytt frå Etiopia: Å kryssa kulturar

Av Britt Hernes/Misjonsnemnda

Innafor kvar einaste region i Etiopia kan ein finna fleire kulturar og språk. Det har likevel vore lite fokus på å kryssa kulturelle grenser i kyrkja. Dette har byrja å forandra seg. I 2020 var kyrkleiarar, prestar og evangelistar i Begi regionen på kurs/workshop. Majoritetern av dei er oromo. (Oromo utgjer 34 % av befolkinga i Etiopia).

På kurset i år, var halvparten av deltakarane av annan kulturell bakgrunn. For det meste menneske med mao-bakgrunn. Minoritetsgruppene ynskjer ikkje å forlata kulturen sin for å bli kristne. Ein av deltakarane er Tafese. Han er mao og konverterte til kristendomen for ti år sidan. Han meiner at fleire ville blitt med i kyrkja om det vart forkynt på deira eige språk. Også å ha sangar og anna dei kan kjenna seg att i.



Foto: Sophie Küspert-Rakotondrainy

Evangelisten Mulu seier: "Workshopen var svært bra. Vi lærde at Kristus sjølv gjekk til andre menneske og elska alle likt. Før vi lærde om dette, tenkte vi ikkje på det og såg ikkje på mao-folket som like."

Dei var samstemte om at ein ofte ser på sin eigen kultur som sjølvstøtt og at alle burde forstå den kulturen. Også at alle burde vera like, for då vert det så mykje lettare å omgås kvarandre.

Valet i Etiopia er utsett på ubestemt tid. Valet skulle vera 5. juni. Det har vore utsett to gonger tidlegare. Det at valet er utsett på ubestemt tid, viser folket si aukande misnøye med Abiy Ahmed Ali sin plan. Fleire fryktar at planen hans er å legitimera seg gjennom valresultatet og å oppløysa den multikulturelle føderasjonen.

Me må be om fredelege tider i Etiopia og at misjonsprosjekta må lukkast.

Takk til alle som støtta det viktige misjonsprosjektet.

Voss kyrkjelyd støttar NMS/Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid i Etiopia.



Presten Hika Dinbasha, Olana Lencha og Tafese Gamtesa diskuterer det dei har opplevd i workshopen. Desse tre mennene har ein ting til felles: Dei tilhøyrer ein kulturell minoritet i kyrkja.
Foto: Sophie Küspert-Rakotondrainy

Trusopplæring i kyrkjene våre

T-DAG

 Trusopplæringa i Voss

Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Voss.

Trusopplæringsdagane kallar me T-dagar. Målet er at alle døypte eller tilhøyrande i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året fram til dei fyller 18 år.

På desse sidene vil de finna informasjon om komande T-dagar, reportasjer frå det som har skjedd, oppgåver og konkurransar.



Sidan konfirmasjonane er flytta til hausten flytta me T-dagar til våren. I mai hadde me "På sporet av Heilag Olav" både på Evanger og på Voss.

8. mai var åtte- og niåringane på Evanger med på å leika seg gjennom det som skjedde då Heilag Olav gjesta Voss i 1023.



9. mai var det niåringane på Voss som fekk høyra kva som skjedde. Begge stader måtte borna laga båtar av papir for å visa at dei kunne vera med Heilag Olav å spreie budskapet vidare. Men før

me kom så langt måtte me følgja den store historia frå Abraham til Jesus og fram til 1000-tallet.




T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18

 T_4

Sundag 30. mai var det utdeling av barnebibel til fireåringane i Vonheim. Der hadde

me to gudstenester med besøk av løva Leon. Han hadde vore på toppen Hanguren for å komme unna alt vatnet. Og så hadde han vore med i arka til Noa den gongen det kom så mykje vatn på jorda at alt vart oversvømt. Heldigvis lover Gud at det ikkje skulle koma så mykje vatn igjen. Til teikn på det sette han regnbogen på himmelen.


 A colorful illustration of Noah's Ark. The ark is a large wooden building with a ramp leading to an open doorway. Various animals, including a lion, a bear, a wolf, a fox, a rabbit, and a sheep, are walking up the ramp. People, including men, women, and children, are also walking up the ramp. The ark is set against a background of green grass and a blue sky with a rainbow. The illustration is signed 'M. S. 1984' in the bottom right corner. T_{14}

T4 Siste veka i mai fekk me tref-
fe mange av 8.-klassingane på
Voss ungdomsskule. Dei kom i
Vangskyrkja for å høyra om konfirman-
topplegget som startar til hausten. På
nettsida vår ligg det både informasjon og
påmeldingsskjema. Det er framleis fullt
mogeleg å melde seg som konfirmant.
Etter 10. juni kan det henda nokre grupper
er stengd, om dei har nådd makstalet det
er plass til.



T₆ Siste helga i mai var det skattejakt rundt kyrkjene våre for dei som skal byrje på skulen til hausten. Alle seksåringane i medlemsregisteret til kyrkja, fekk invitasjon til å leite etter ein skatt ved kyrkja si. I invitasjonen låg det eit kart over kyrkja der det var merka av ulike postar. Borna måtte samle bokstavar og finne løysingsordet. Når dei hadde funne ordet fekk dei opne skattekista. Løysingsordet var BIBELEN. Undervegs fekk dei høyre forteljinga om Sakkeus som klatra til topps i eit tre for å sjå Jesus. Dei fekk prøva seg på bingo og høyra «Førsteklasses song» som handlar om at alle er heilt førsteklasses menneske sjølv om ikkje alle går i første klasse.

Kommentar frå ei av jentene:
«Eg var heldig! Denne skatten var SÅÅÅ fin!»



Vinje



Vinje



Granvin



Voss



Evanger

T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈



BARNAS SIDE

Finn namn på 10 fiskeslag!

I rutenettet har vi gøymt namna på 10 vanlege norske fiskeslag. Namna står frå venstre mot høgre eller nedover. Finn du alle?

K	Å	H	O	I	G	A	N	D	U
O	Q	Y	K	V	E	I	T	E	M
W	E	S	S	L	I	N	G	O	S
S	T	E	I	N	B	I	T	A	K
E	A	R	L	Y	D	A	O	T	A
I	S	O	D	P	Ø	R	R	E	T
D	S	R	U	L	P	A	S	T	E
I	M	A	K	Y	L	A	K	S	I
P	I	R	O	S	Å	F	F	U	S
M	A	K	R	E	L	L	U	S	K
O	S	T	H	O	S	T	E	R	Ø


Finn fem feil

De to bileta er nesten like. Finner du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Chiara Bertelli)



Fargelegg!

Broren til Marta og Maria var død. Men Jesus vekka Lazarus opp frå dei døde. (Teikning: Chiara Bertelli)



Gje barnebladet
BARNAS til eit
barn du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 03 71 00.



I samtale med

Torunn Sand

Kva er bra med Voss – og kva kan bli betre?

Nærleik til naturen og fjella er noko av det finaste med Voss. Uansett kor du står, ser du fjell. Gode og varierte moglegheiter innan kyrkje, organisasjonsliv, kulturliv, friluftsliv og idrettsaktivitetar. Her fins det noko for ein kvar smak.

På Voss helser eller smiler mange til deg, sjølv om dei ikkje kjenner deg. Dette la eg særleg merke til når eg kom flyttande frå Bergen. I ein stor by er slikt ikkje like naturleg, men det er godt å kjenne seg sett.

Kva er viktige verdiar for deg?

Eg er takksam for kor privilegert eg er som har fått vekse opp i Norge. Verdiar som me tek for gitt, er det mange som ikkje får kjenne på: Eit fritt land, tryggleik, fred og økonomisk fridom.

Ein viktig verdi for meg er korleis me er ovanfor kvarandre. I samfunnet i dag skal me vere effektive, gjere mest mogleg på kortast mogleg tid. Omsorg for kvarandre vert ofte nedprioritert. Å kjenne seg oversett kan



Foto: Randi Kløve

Fødd: 1956

Bustad: Rognstunet

Familie: Bur åleine

Yrke: Bioingeniør på Voss sjukehus

Interesser: Song og musikk, gode samtaler med familie og vener, turar i naturen. Eg er også svært glad i å lese.

øydeleggje dagen, men eit smil og ein hyggeleg kommentar kan gjere stor forskjell for mange. Det skal så lite til! Me har ansvar for kvarandre og eg føler sterkt på at me må vise omsorg og ta vare på kvarandre som vener, naboar, arbeidskollegaer.

Kva tenkjer du om kyrkja sin plass i samfunnet?

Kyrkja og organisasjonslivet har mykje å seie. Slik bør det også vere i framtida. Me skulle gjerne hatt endå fleire med! Fellesskap er viktig, og det fins mykje å velje i, t.d. kor og bibelgrupper, samtalegrupper, aktiviteter for born og unge.

Det er viktig at kyrkja har evna til å fornye seg.

Eg er imponert over fantasien som dei som jobbar i kyrkja har teke i bruk det siste året når pandemien har hindra oss frå vanleg kyrkjegong. Utegudstenestene har vore veldig fine. Kan hende kan desse vere eit alternativ me tek med oss også etter at koronatida er over. Digitale andaktar eller digital overføring av gudstenester kan også vere eit fint alternativ for dei som ikkje kjem seg i kyrkja.

Kva betyr trua for deg?

Trua betyr mykje for meg. I «Salmane» har eg blitt særleg glad i Salmane 121. Teksten «Eg lyfter auga mine til fjella» får dobbel tyding her på Voss. Alt det positive fjella har med seg av tur- og naturglede. Samtidig også det eg kjenner er viktigast: håp, trøyst, tryggleik og glede.

Eit anna bibelvers som betyr mykje er Ef. 2.8: «For av nåde er de frelste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve».

Dette var siste "I samtale med" for denne gong. Til hausten vert det møter med menneske i eit litt anna format. Takk til alle som har delteke i denne spalta så langt!



Foto: Margarida Afonso on Unsplash

Hans Nielsen Hauge-prosjektet

Prosjektet held fram, og me oppfordrar alle til å strikka til utstillinga over sommaren.

I høve 250 års-jubileet for Hans Nielsen Hauge, vil kyrkja oppmuntra alle som strikkar til å vera med å strikka: sokkar, huer, panneband, vottar, babyteppe, gensar, i barne og vaksne størrelsar. Me vil laga ei utstilling i kyrkjetunet, og skal ha temadag om Hauge på eit seniortreff til hausten med Ivar Molde. Deretter vil me sende alt som er kome inn til Valborg Nummedal sitt prosjekt i Ukraina, der me veit varme strikkaplagg kjem vel til nytte blandt fattige.

Så her er utfordringa i pandemitid: finn fram strikkepinnar og restegarn: godt for kreativiteten, og gler andre! Ferdigstrikka plagg kan leverast på kyrkjekontoret eller i kyrkja.

Har du spørsmål ta gjerne kontakt med diakon Sigrid D. Mala.

Sorggruppe

Me ynskjer starte opp sorggruppe til hausten. Ein stad der alle har teieplikt og ein kan dele både sorger og utfordringar knytte til dødsfall. Om dette er aktuelt for deg, ta gjerne kontakt.

Diakon Sigrid Djukastein Mala,
47 84 91 34. eller e-post:
sm345@kyrkja.no

Misjon og mosjon

Misjon og mosjon er eit nytt tiltak som Misjonsnemda i Voss sokn arrangerer. Ein liten eller lengre tur med ei misjonssamling etterpå med kaffi og andakt. Slik kan det passe for den som er sprek og den som berre vil møtes for samling. Turane vert lagt opp i nærområda i bygda vår med oppmøte ved Kyrkjetunet. Turane er sjølvsgt utandørs så kle deg etter været og ha godt fottøy. Ta gjerne med sitteplate og drikke. Me gler oss til å vandre saman i Guds skaparverk og samlast i etterkant.

Følg med i Avisa Hordaland eller på nettsida vår for datoar til hausten.

Haugtussa

Edvard Grieg
Haugtussa, Op.67
Tekst Arne Garborg

MARIT KRISTINE RISNES
SOPRAN

INGER-KRISTINE RIBER
FLYGEL

VANGSKYRKJA

30. JUNI KL.14:00 OG 18:00

Bill. ved inngang / tel.56 52 38 80

Støttet av Kulturrådet

KAI HANSE

SuperOnsdag

Tekst og foto: Vetle Leksbø



Mange på Voss saknar treffpunkt for barnefamilier og derfor inviterer Kyrkja og KFUK-KFUM Voss til Superonsdag!

I vår har me hatt Superonsdag to gongar, 5. mai og 2. juni, kl. 16-18 med 40-50 personer tilstades. Det var mange som kom som ikkje kjende kvarandre frå før, så nye kjennskap er etablert, noko som er eit viktig mål med Superonsdag. Løva Leon har kome med is til borna og familier har leika og konkurrert saman. Temaer som har blitt tatt opp i inputdelen har mellom anna vore: «Familien: Fantastisk kaos», og for born: «Guds kjærleik».

Målet er å tilby familier i alle fasongar eit godt måltid etter jobb, ha aktivitetar for born i alle aldre og styrke foreldre/føresette i foreldrerolla gjennom ein kort og inspirerende "input". Her kan du treffe andre familier, og alle er hjartelig velkomne. Me vonar å sjå fleire ungdom etter kvart som nokre av konfirmantane blir med. Superonsdag er retta mot barnefamilier, men andre er òg velkomne.

Arrangementet er gratis. Til hausten vil det bli ein liten foreldrebetaling for maten, for dei som har høve til det.

Følg med på facebook for datoar når hausten nærmar seg!

Markering - 22. juli

I sommar er det 10 år sidan terrorangrepa i Stortingskvartalet og på Utøya. I Vangskyrkja markerer me dagen med å ringje med klokkene kl 12:00 - 12:05.

Det vert open kyrkje frå kl 11:30 til 17:00.



Foto: Zhengtao Tang, Unsplash.com

Kyrkja på Voss er på Facebook. Følg oss!!



Skann meg!

Bruk ein mobiltelefon og skann denne qr-koden anten med ein qr-app eller via kamera (Apple-produkter).



Ynskjer du deg fast besøk av ein besøkjar?

Ring diakon Sigrid Djukastein Mala (mob. 47 84 91 34).

Besøkstenesta ynskjer koma i kontakt med deg som kunne tenke deg å være besøkjar, for slik å utgjere ein forskjell i kvardagen for andre.

Ring diakon Sigrid Djukastein Mala (mob. 47 84 91 34).

 VOSS SPAREBANK - skapar verdier for deg og lokalsamfunn www.vossabanken.no - 56 52 03 00	 myrkdalen.no	 Vekselbanken - ein god medspelar - Telefon 56 52 35 00 – med tilbod til liten og stor
Du finn oss i Sverresplassen 6, 2. etg.   VESTLAND TRAFIKKOPPLÆRING	Me ordnar alt vedrørende dødsfall Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar VIRKE GRAVFERD <i>Vinsands</i> GRAVFERDSBYRÅ Telefon 56 51 11 94 – Telefax 56 51 30 67	 AZETS Azets Insight AS avd. Voss Evangervegen 3, 5704 Voss Autorisert regnskapsførerselskap visma.no/outsourceing
 O.L.KYTHER AS entreprenør Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo Tlf. 56 52 38 60	 Voss Energi -rein vossakraft!	Pianostemmer Voss På tide å stemme pianoet?  pianostemmervoss.no Tlf. 99 43 53 36
 JOKER GRANVIN Hardangervegen 5736 Granvin Tlf. 56 52 54 00 - helt i nærheten Velkommen til en hyggelig handel	 Kiwi Vangen Tlf. 56 51 27 35	GRAVSTEIN Nye gravmonument, tilføyningar og oppussing – ta kontakt med:  Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099
Nordhordland Begravelsesbyrå AS Ring oss på tlf. 56 37 14 10 eller sjå www.nordh-bb.no VIRKE GRAVFERD <i>Stort utvalg i blomster og gravminne!</i> KYRKJEVEGEN 1 5911 Alversund FREKHAUG: Havnevegen 31, 5918 Frekhaug AVD. VAKSDAL: Tlf. 56 99 25 70 Me går saman med deg heile vegen	 Voss Blomster handel Tlf 56 51 31 96	Voss Bokhandel Vangsgata 27, 5700 Voss Tlf. 56 51 11 16
Din røyrleggjar i sentrum Snakk med Comfort Helge Nikolaisen A/S Installasjon - Service - Vedlikehald Velkomen i butikken!  Tlf. 56 51 26 28 Vangsgt. 4, 5700 Voss	 VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS Vi ordnar alt vedrørende dødsfall. Kransar, oppsatsar og bårubukettar fritt levert til gravferda. Gravmonument. Tlf. 56 59 74 70 - Mobil. 911 79 766	 vått&vilt Padlekurs på Elv og Hav – Teambuilding www.vaattogvilt.no - Tlf 91374995
Di annonse her? Ta kontakt med Kyrkjentytt! Send ein e-post til: rk858@kyrkja.no eller ring 952 06 177.		Anleggsgartnar og trepleiar  GUNNAR LILLETHUN Tlf. 901 19 315 • www.lillethun.no

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE

Voss sokn:

25.04 Knut Flatjord Nedkvitne
25.04 Lea Olsen Kvåle
09.05 Edvin Selje Hagen
09.05 Julia Loose Hjetland
16.05 Kari Tveit

23.05 Jonas Drangevåg Kløve
23.05 Liva Væhle Jordal

Oppheim sokn:

23.05 Olav Hommedal Een

VIGDE

Voss sokn:

15.05 Vibecke Mandelid og Leif-Ivar Almeland
22.05 Charlotte Meyer og Øystein Kalland Våge
22.05 Tone Eggereide Berland og Jan Egil Petterson

29.05 Eirin Skjoldli og Eivind Holstad
05.06 Linda Nordset Lasse Porsvoll (på Staup)

Evanger sokn:

26.05 Maria Hansson og Lars Arild Eide

DØDE

Voss sokn:

27.04.2021 Astrid Himle Liahagen f. 1944
01.05.2021 Reidar Johan Olsen f. 1950
02.05.2021 Sissel Reidun Haugo f. 1946
04.05.2021 Ivar Pedersen f. 1937
08.05.2021 Gjermund Valland f. 1947
11.05.2021 Margit Græe f. 1925
11.05.2021 Astrid Marie Stalheim f. 1932
12.05.2021 Reidar Vassenden f. 1932
14.05.2021 Elisabet Flansås f. 1925
15.05.2021 Johanna Almeland f. 1935
21.05.2021 Else Karin Slåtten f. 1939
29.05.2021 Svein Stalheim f. 1964
30.05.2021 Egil Otto Kårdal f. 1953
01.06.2021 Anton Eivind Kvitne f. 1940
04.06.2021 Olav Haga f. 1932
06.06.2021 Klaus Finne f. 1935

Evanger sokn:

04.05.2021 Anne Marie Skorve f. 1947
17.05.2021 Odd Steine f. 1937
22.05.2021 Olav Århus f. 1925

Vinje sokn:

18.05.2021 Katrina Brekke f. 1926

Oppheim sokn:

25.05.2021 Olav Berge f. 1929
05.06.2021 Gudleik Engeland f. 1930

Granvin sokn:

20.05.2021 Eli Berg f. 1939

DÅP I DEN NORSKE KYRKJA

Slik føregår barnedåp hjå oss:

- 1. Foreldre/føresette** melder barnet til dåp, helst via nettsida vår.
- 2. Presten** tek kontakt for å avtale ein samtale, ofte nær dåpsdatoen.
- 3. Dåpssamtalen** er eit uformelt møte der ein vert kjend med kva dåp er og kva kyrkja tilbyr vidare i livet.
- 4. Dåpen.** I dåpen vert barnet Guds barn, medlem av Den norske kyrkja og tatt i mot av kyrkjelyden.
- 5. Dåpsattest** er eit dokument foreldra får som viser at barnet er døypt.



Me ynskjer alle **velkomne til dåp** hjå oss, og me står gjerne til teneste, t.d. kan ein låne dåpskjole hjå oss (sjå bilete). Ta kontakt på tlf 56 52 38 80 eller sjå på nettsida **www.voss.kyrkja.no/dåp**

C BLAD

FULLDISTRIBUSJON

Kyrkjennytt for
Vossabygdene
PB 49
5701 VOSS

Gudstenesteliste

Vangskyrkja:

- 27.06 kl 11.00** Gudsteneste med dåp, Sandvik.
04.07 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd, Haaland.
11.07 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd, Haaland.
18.07 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd, Sandvik.
22.07 kl 12.30-17.00 Open kyrkje i samband med markeringa av 22.juli.
25.07 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd, Hove.
29.07 kl 18.00 Pilegrimsvandring, Olavskrossen ved Vonheim, Hove.
01.08 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd, Torsvik.
08.08 kl 18.00 Gudsteneste med nattverd, Arvidsson.
15.08 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd, Hove.
22.08 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd, Hellesøy.
28.08 Konfirmasjonsgudstenester
29.08 Konfirmasjonsgudstenester
05.09 Konfirmasjonsgudstenester
12.09 kl 18.00 Gudsteneste med nattverd, Sandvik.
19.09 kl 11.00 Gudsteneste med nattverd, Hove.

Hamlagrø:

- 11.07 kl 11.00** Jubileumsgudsteneste utandørs, 125+1 år, Hellesøy

Raundalskyrkja:

- 27.06 kl 15.00** **Skiple**, Gudsteneste, Sandvik. Vær merksam på stad!
22.08 kl 11.00 Gudsteneste med dåp, Torsvik.
04.09 kl 11.00 Gudsteneste, Torsvik.
12.09 kl 11.00 Gudsteneste, Hellesøy, Torsvik, Boge.

Mjølfjell kapell:

- 29.07 kl 11.00** Gudsteneste, Torsvik.

Evanger kyrkje:

- 27.06 kl 11.00** Gudsteneste, kyrkjekaffi etterpå, Kvamsøe.
01.08 kl 11.00 Gudsteneste, kyrkjekaffi etterpå, Bø.
22.08 kl 12.00 Utandørs gudsteneste i **Beinhelleren i Eksingedalen**, Kvamsøe. Vær merksam på stad!

Bolstadøyri bedehus:

- 13.06 kl 15.00** Gudsteneste, kyrkjekaffi etterpå, Bø.
18.07 kl 11.00 Gudsteneste, kyrkjekaffi etterpå, Kvamsøe.
01.08 kl 13.30 Gudsteneste med dåp, Bø.
12.09 kl 11.00 Gudsteneste, vikar.

Granvin kyrkje:

- 04.07 kl 15:00** Gudsteneste, Arvidsson.
01.08 kl 11:00 Gudsteneste, Hove.
15.08 kl 15:00 Gudsteneste, Torsvik.
05.09 kl 11:00 Presentasjonsgudsteneste, Haaland.
10.09 kl 18:00 Samtalegudsteneste, Arvidsson, Haaland.

Vinje kyrkje:

- 27.06 kl 11.00** Gudsteneste, Arvidsson
15.08 kl 12.00 **Tjødnarhovden** - Gudsteneste, Torsvik. Vær merksam på stad!
22.08 kl 19.30 Gudsteneste, Torsvik.
05.09 kl 11.00 Gudsteneste, Torsvik.

Oppheim kyrkje:

- 13.06 kl 11.00** Gudsteneste, Torsvik.
04.07 kl 11.00 Gudsteneste, Sandvik.
09.09 kl 19.30 Gudsteneste, Torsvik.
11.09 kl 11.00 Gudsteneste, Torsvik.
11.09 kl 13.00 Gudsteneste, Torsvik.

Vær merksam på at det kan kome endringar på oppsett gudstenesteliste!

Føl med i Avisa Hordaland eller på nettsida vår: voss.kyrkja.no.

Aktivitetskalender

T-dagar:

- 14. septemer:** T17 for alle sokn.
15. septemer: T18 for alle sokn.
18. septemer: T2 Krølletreff i Vonheim for Voss, Evanger, Raundalen og Granvin sokn.

Seniortreff i Vonheim:

24. august kl 12-14.

14. september kl 12-14.

Meir info i Avisa Hordaland når det nærmar seg.

Vær merksam: Det kan kome endringar i alle planlagte aktivitetar grunna korona-pandemien. Føl med i avisa Hordaland og på nettsida vår: **voss.kyrkja.no**